

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/19	Levekårsutvalet	PS	12.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	19/52

Kulturmidlar 2019 - ramme for tildeling

Vedlegg :

Lindås Kulturråd - uttale fordeling av rammar kulturmidlar 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet sluttar seg til rådmannens framlegg om ramme for kulturmidlar 2019.

KATEGORI	RAMME 2018	RAMME 2019
Idrett	836.000	836.000
Kunstformidling- og musikk	618.000	618.000
Barn- og ungdom	408.000	408.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	220.600
Kulturvern- og samlingar	205.000	205.000
Haustitdeling	50.000	50.000
TOTALT	2.337.600	2.337.600

Søknadsfrist for søknad om tilskot til aktivitet- og prosjekt hausten 2019, vert endra frå 01. september til 04. august og blir behandla i Levekårsutvalets siste møte 17. september.

.....

Levekårsutvalet - 004/19

LE - behandling:

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. Kultursjef:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Levekårsutvalet sluttar seg til rådmannens framlegg om ramme for kulturmidlar 2019.

KATEGORI	RAMME 2018	RAMME 2019
Idrett	836.000	836.000
Kunstformidling- og musikk	618.000	618.000
Barn- og ungdom	408.000	408.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	220.600
Kulturvern- og samlingar	205.000	205.000
Haustitdeling	50.000	50.000
TOTALT	2.337.600	2.337.600

Søknadsfrist for søknad om tilskot til aktivitet- og prosjekt hausten 2019, vert endra frå 01. september til 04. august og blir behandla i Levekårsutvalets siste møte 17. september.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Dei kommunale kulturmidlane har som målsetjing å styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kultur-, idrett- og friluftsliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og aktivitet. Gjennom eit mangfald skal alle ha høve til gode opplevingar.

Vurdering

Kommunestyret har løyvd kr 2.337.600 til kulturmidlar i 2019. Levekårsutvalet skal avgjera ramma for tildeling av kulturmidlar i 2019.

KATEGORI	RAMME 2018	RAMME 2019
Idrett	836.000	836.000
Kunstformidling- og musikk	618.000	618.000
Barn- og ungdom	408.000	408.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	220.600
Kulturvern- og samlingar	205.000	205.000
Haustitdeling	50.000	50.000

TOTALT	2.337.600	2.337.600
---------------	------------------	------------------

Kulturmidlane vert utlyst på kommunen si heimeside, gjennom sosiale mediar (Facebook) og i «Lindås kommune informerer» i avisa Nordhordland. I tillegg sendes det ut som epost til dei lag/organisasjonar Frivilligsentralen har i sine register.

Hausttildeling

Levekårsutvalet har sitt siste møte 17. september. Frist for å søkje kulturmidlar om hausten er ordinært 01. september. Grunna kommuneval og overgang til Alver kommune, er det naudsynt å endre frist frå 01. september til 04. august slik at Levekårsutvalet får behandla sak om tilskot til lag/foreiningar i Lindås kommune.

Høyring

Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd fekk saka til høyring 18.01. med svarfrist 27. 01. Det er utarbeidd ein framdriftsplan for arbeid med kulturmidlar som er sendt Lindås idrettsråd, Lindås kulturråd og Lindås ungdomsråd slik at dei kan planlegge sine møter ut frå høyringsfristar for kulturmidlar.

Lindås idrettsråd har i ei sms 28.01.19 meldt at dei har ingen merknader til rådmann sin framlegg til ramme for kulturmidlar 2019.

Lindås kulturråd minner i brev datert 26.01.19 har ingen merknader til rådmannen sin framlegg, men viser til «Kulturplan 2010-2020» kor det på side 5 står at «...*Det er eit mål at 5% av Lindås kommune sine årsbudsjett nyttast på kulturfeltet...*»

.....